

Lokallag Bømlo MDG

Valprogram 2023 - 2027

Innhold

Innhold	2
Eit grønt og solidarisk lokalsamfunn	3
Våre kjernesaker	4
For alle, i alle grender	5
Helse og omsorg	6
Oppvekst, barnehage og skule	8
Mangfald og inkludering	9
Kultur	10
Berekraftig samferdsle	11
Hav og næring	12
Landbruk og mat	13
Dyrevelferd	14
Klima	15
Naturvern	16
Berekraftig kommuneøkonomi	16
Næringsliv og arbeidsliv	17

Eit grønt og solidarisk lokalsamfunn

Miljøpartiet Dei Grøne Bømlo ønskjer å skape eit lokalsamfunn som er inkluderande og grønt, og som gjer høve for at innbyggjarane kan leva gode og miljøvenlege liv. Me ønskjer oss eit lokalsamfunn som tek vare på fiskeressursar, landbruksareal og som seier ja til å verna meir av dei vakre naturområde i kommunen vår. Det betyr at me vil vera med på å skape eit lokalsamfunn som tek vare på naturen rundt oss og innbyggjarane i kommunen. For alle, for alltid.

Me ønskjer oss eit lokalsamfunn der ingen fell utanfor, og der det grøne næringslivet får blomstra. Me vil ha klimasmarte bygder der det er godt å bu, med høg livskvalitet og livsglede, tryggleik, gode møteplassar for alle uansett alder og gode, lokale arbeidsplassar. Me ønskjer ein kommune med ansvarleg økonomi og gode tenester.




Våre kjernesaker

1. Bømlo MDG vil prioritere klima og natur høgast i alle saker. Å få fjerna og hindra forureining i sjø, vatn og natur er viktig. Me vil arbeide for god dyrevelferd og ønsker ein restriktiv arealplan.
2. Me vil arbeide for god psykisk og fysisk helse for alle i Bømlo. Grøn helsepolitikk er å arbeide førebyggjande og tenke heilskapleg. Me treng sosiale relasjonar, god ernæring, aktivitet og naturopplevingar.
3. Me ønskjer gode lokalsamfunn kor alle opplever seg inkludert. Eit grønt samfunn handlar om solidaritet med alle. Å førebygge fattigdom og sosial ulikskap, og å skape møteplassar utan kjøpepress er viktig for oss.
4. Me ønsker å balansere sterkare delsender og lokaldemokrati, med ein berekraftig kommunal økonomi.
5. Livskvalitet framfor overforbruk.



Klima

Miljøpartiet Dei Grøne stiller til val for at kommunen vår skal ta sin del av ansvaret for å gjennomføre viktige klima- og miljøtiltak. Vi ønsker oss ein kommune som vektlegg klima- og miljø. Eit viktig verkemiddel for å nå dette målet er å stadig utvikle kommunen sin plan for klima, miljø og naturmangfold. Me ønsker at kommunen skal føre eit klimabudsjett, slik at det vert lettare for både kommunen og innbyggjarane å følgje med på korleis kommunen arbeider med å få ned sine utslepp.



Bømlo MDG vil:

- Stille krav om at klima og miljø vert fylgt opp i dei ulike kommunale planane
- At kommunen skal vera ein lokal pådrivar i klimaomstillinga
- Arbeide for å få ein eigen klima- og miljørådgjevar i kommunen.
- Setje ned eit eige utval for å lage ein plan for klimatilpassing i Bømlo.
- Setje som mål at alle kommunale einingar vert miljøsertifisert og at kommunen må vera pådrivar for at fleire i næringslivet blir miljøsertifiserte etter ein høg standard
- Sikre god kildesortering i kommunale institusjonar.
- Alle nye kommunale bygg må vera klimasmarte og bør nytta solenergi
- At fleire nybygg skal byggast i heiltre
- Kartlegge ledig areal i kommunens egne bygg, for å bruke desse betre enn å byggje nytt. Alltid prioritera gjenbruk framfor nybygg der det er mogleg.
- Arbeide for elektrifisering av nærskipsflåten og byggje ut elektrisk infrastruktur.
- Legga til rette for grøn industriutvikling, til dømes biogass og service knytt til havvindkraft.
- Halde utlånsentralen BUA ved like. Arbeide for å få inn verktøy til utlån.
- Legge til rette for meir gjenbruk og reparasjon
- Styrke lokale næringar og fremje lokal vareproduksjon
- At kommunen skal utarbeide årlege klimatiltaksplanar og eit klimabudsjett for kommunen.
- Fremja tiltak som reduserer matsvinnet i kommunale verksemder, i private bustader og i næringslivet.
- Bruke kommunen sine innkjøpsordningar til å auke andelen fairtrade og klima- og miljøvennlege innkjøp.

For alle, i alle grender

Kvardagen skjer i kommunen me bur i. Gode kvardagsliv kan vera mange ting, men nokre grunnleggande kvalitetar er viktige for dei fleste av oss: ein trygg og triveleg stad å bu, eit meiningsfullt arbeid og ei givande fritid. MDG er oppteken av at kommunen skal syta for at alle innbyggjarane får dei tenestene og den hjelpa dei har behov for. Kommunale tilbod som barnehage, skule og eldreomsorg skal vera av høg kvalitet, og flest mogleg skal kunna ta del i idrett, kultur og natur etter eige ønske.



Bømlo MDG ynskjer å styrkja lokal medbestemmelse og vil at kommuneadministrasjonen skal senda informasjon og referat frå kommunale møter til grendautvala. Grendautvala er del av den politiske strukturen i kommunen.

Dei Grøne ønskjer å legge til rette for meir fritid framfor meir forbruk, fleire gode opplevingar framfor stress og prestasjonsjag. Me vil leggja til rette for at lokalsamfunna på Bømlo skal ha livskraft og vera gode stader å bu. Målet må vere at ingen skal føle seg utanfor, men at Bømlo skal vere ein trygg og inkluderande stad for alle. Einsemd er helsefarleg og gjer dårleg livskvalitet. Bømlo MGD vil støtta både formelle og uformelle møteplassar. Stader der mennesker møtes, snakkast og har det sosialt ilag er viktige.

Bømlo MDG vil

- Tydeleggjere og støtte grendautvala sine mandat og sjå til at dei blir høyrd i politiske prosesser
- Arbeide for å byggje og halde på møteplasser i alle krinsar, både naturlege og bygde leikeplassar og tilrettelagde sitjeplassar
- Leggja til rette for stadar der ein kan møtast, drive sosial aktivitet, trening og oppleve naturen. Byggja offentlege toalett til bruk ved populære turløyper og strender, gjerne i samarbeid med Friluftsrådet Vest.
- Gamle Bremnes ungdomsskule bør brukast til samfunnsnyttige formål, for eksempel helse- og omsorgssektoren, offentlege kontor, lag og organisasjonar. Vurdere å etablere eit “Hus for frivilligheita”.
- Oppretthalde og utvide tilbodet kor ungdom kan møtast på tvers av religion og livssyn, som Ungdomsloftet
- Støtta lag og lokale arrangement som bidrar til å skapa trivsel og aktivitet i nærmiljøet, som Mostraspelet, Kanaldagane og Folk på Bømlo

- Gi frivillige organisasjonar gratis eller rimelege møtelokale. Gjere lokale i skular, kommunehus, ungdomsklubbar og aktivitetshus meir tilgjengelege.
- Styrke frivilligheita, særleg den som førebygger utanforskap
- Leggja til rette for høvelege bustader, sentralt eller i delsentra, der det kan etablerast “småhusmiljø” for dei som ønsker å nedskalere til enklare bustader.
- Sikre tilgang til strandsona for alle

Helse og omsorg

Ein god, grøn helsepolitikk prioriterar førebygging av sjukdom og skal gi god helsehjelp når det er naudsynt. Ein grunnstein i grøn ideologi er at alt heng saman, og det ser me også når det gjeld helse: fysisk aktivitet, god ernæring, sosiale relasjonar, trygg medisinbruk. Alt dette er viktig for å ha ei god helse. Derfor må kunnskapen om dette vere høg innan helse- og omsorgssektoren, og dei tilsette må ha tid nok til å gjennomføre oppgåvene sine.

Meir kontakt mellom generasjonane er noko me veit gir livsglede til mange. Å satse på generasjonsboligar kan føra til mindre isolasjon og gi betre helse. Tiltak i det offentlege som skapar møtepunkt kan også vere lærerikt og skapa trivsel. Barnehagar som besøker eldreheim er eit døme på dette.

Sjuke og eldre treng kontinuitet og tryggleik i omsorgspersonane som kjem inn i heimane deira. Derfor er viktig at det er faste pleiarar som kjem til brukarane av heimesjukepleien. Nokre gonger må pårørande ta seg fri frå arbeidet for å yte omsorg i heimen. Å styrke satsinga på omsorgsløn kan vere både eit godt helsetiltak og vere med å førebygge fattigdom.

Bømlo MDG vil:

- Sikre ei forsvarleg bemanning i heimesjukepleie, sjukeheim, rus og psykiatri
- Vurdere å etablere legekontor for fastlegar i Rubbestadneset. Vurdere om desse legane kan ha ansvar for eit legekontor på Finnås etter modell av måten Moster driftar legekontoet på Langevåg.
- Legge til rette for samarbeid mellom barnehager, skular og sjukeheim, gjerne etter konseptet “Livsglede for eldre”
- Følgja opp kompetanseutviklinga for tilsette innan helse og omsorg. Styrka kompetansen på psykisk helse, ernæring og førebyggjande helsearbeid i kommunale helse- og omsorgstenester.
- Arbeida for å ha større grad av faste pleiarar til brukarar i heimesjukepleien.

- At tilbodet om brukarstyrt personleg assistanse (BPA) skal finansierast av staten, vera universelt og ikkje avhenge av alder, kjønn eller postadresse til dei som treng ordninga.
- Styrka BPA-ordninga i Bømlo Kommune. BPA bør vera det likestillingsverktøyet det er meint å vera. Fritid og samfunnsdeltaking til funksjonshemma skal vektleggjes i større grad.
- Løfte god ernæring som et folkehelseiltak i alle fasar av livet
- Styrka satsinga på omsorgsløn
- Samarbeide med og støtte frivilligheten, slik at dei kan spilles gode i sine roller både for unge og gamle
- Styrke kommunehelsetenesta slik at ein kan ha fokus på å redusere uheldig legemiddelbruk hos eldre
- Leggje til rette for at alle innbyggjarar kan få bu heime så lenge dei ynskjer det, og tilbydast tilstrekkeleg heimeteneste der det trengst og sikre korttidsopphald for dei som treng det.
- Ta i bruk velferdsteknologi der dette kan bidra til at enkeltpersonar som ønskjer det, kan bu lengre heime.
- Bygge nok sjukehjemsplasser tilpasset den demografiske framskrivingen av befolkningen
- Arbeide for å sikre bebuarar på sjukeheimar og i omsorgsbustader tilgong på fysisk aktivitet og god ernæring
- Fronte tid og opphald i naturen som eit helseforebyggjande tiltak
- Arbeide for betre og meir tilrettelegging for generasjonsbolig
- Vurdere om den kommunale vaktmeisterenesta kan utvidast slik at eldre heimebuande få hjelp til naudsynte oppgåver til ein fornuftig pris

Oppvekst, barnehage og skule

Grøn oppvekstpolitikk handlar om å ta vare på barnas nysgjerrighet og lærelyst og å sjå kvart enkelt barns forutsetningar og behov. Barnehagen, skulen og oppvekstmiljøet må gje trygge rammer for leik og læring, og hjelpe barn og unge til å verte trygge og sjølvstendige menneskje med gode forutsetningar for å meistre ulike utfordringar i livet.

Bømlo MDG vil:

- Byggja ut gang- og sykkelvegar/fortau slik at alle får ein trygg skuleveg på Bømlo,
- Arbeide for eit breitt og billigare fritidstilbod for barn og unge, med tiltak som t.d. Fritidskortet. Slike tiltak for sosial utjamning må bli mindre byråkratiske, slik at terskelen for å søkje blir lågare.
- Byggja ny Våge skule
- At arbeidet i barnehage og skule skal baserast meir på tillit til pedagogar og fagtilsette sin kompetanse, og mindre på byråkratiske ordningar og målstyring
- Styrkje dei praktiske og kreative faga som kunst og musikk i skulen. Leggja til rette for meir og variert fysisk aktivitet i grunnskulen.
- Gi parsellhagar ved skular og barnehagar moglegheit til å søkje om tilskot, og arbeide for å få skulehage som eit valfag i ungdomsskulen
- Setje innemiljø for skuleelevar på dagsorden
- Styrkje tospråkleg fagopplæring i grunnskulen
- Få til eit samarbeid mellom kulturskule, frivilligheita og SFO
- Unngå at våre private barnehagar kan ta ut store summer i overskot
- Styrkje skolehelsetjenesten og tilby helsesykepleiarar vidareutdanning innan psykisk helse
- forby materiale med miljøskadelege stoffer på leikeplassar og i leiker, og bidra til trygge og miljøvenlege alternativ
- sikre at barnehagar og skuler fylgjer dei nasjonale krava knytta til uteareal og bemannings-, pedagog- og lærarnorm
- auke talet på lærling- og praksisplassar i kommunen, både offentlege og private.
- vurdere å innføre ei grønt- og fruktordning i grunnskulen
- sikre etter- og vidareutdanning for dei lærarar som ønskjer dette



Mangfald og inkludering

Me ønskjer eit samfunn der alle, uavhengig av dei forutsetningene ein har i livet, skal kunne delta i arbeidslivet, samfunnslivet, det frivillige og på sosiale arenaer. Derfor må me leggje til rette for at alle uavhengig av funksjonsnedsetting, legning, kjønn, seksualitet, etnisitet, alder, tilhøyrse til religion eller livssyn, språk og kulturell bakgrunn, skal få denne moglegheita.

Bømlo MDG vil:

- Legge til rette for eit inkluderande arbeidsliv, som eit betre dagtilbod for utviklingshemma
- Sikre at alle ansatte i helse- og sosialtjenestene får tilbod om nødvendig kompetanse om kjønns-, relasjons- og seksualitetsmangfald
- Arbeide for trygge og gode møteplassar for skeive og LHBT+personar
- Sikra universell utforming av offentleg rom, kommunale bygg, nettstadar, tenester og arrangement
- Støtta arbeid med rydding av stiar og løyper i naturen, som både funksjonsfriske og personar med redusert funksjonsevne kan nytta
- At Rådhuset skal markere si støtte med å flagge under Pride-månaden juni
- Sikre at folk med nedsatte funksjonsevner får moglegheit til å delta aktivt i samfunnsliv og demokratiske arenaer.
- Sikre at alle nye skulebygg og offentlege institusjonar skal ha tilgjengelege kjønnsnøytrale toalett
- Sikre vern mot diskriminering på bakgrunn av å høyre til eit livssyn eller ein kultur
- Sikre godt samarbeid og koordinering mellom ulike aktørar vedrørande praksis- og lærlingplassar for innvandrarar
- Støtte arrangement der innvandrarar får høve til å visa fram kulturen sin, i form av mat, klesdraktar, musikk, dans, kunst og liknande.
- Sikre at innvandrarbarn får høve til å delta på fritidsaktivitetar
- Sikre god språkopplæring for innvandrarar i kommunen



Kultur

Dei Grøne meiner kunstnariske uttrykk er ein sentral del av eit levande demokrati. Kultur har ein naturleg plass på offentlege budsjett, men kulturlivet i seg sjølv må vera fritt og uavhengig. Alle skal ha høve til å dyrka og oppleva kultur, og då er det viktig med ein lav terskel for både å kunne skapa og å gleda seg over eit mangfald av kulturuttrykk. Dei Grøne vil leggja til rette for dette gjennom å støtte lokale aktørar innan både breie og smale kulturuttrykk.



Bømlo har eit stort og omfattande kunst- og kulturmiljø. Kulturlivet sine utøvarar og institusjonar må sikrast god tilgong til utstyr, lokale og formidlingsarenaer. Mange startar sin kunstnariske utvikling i kulturskulen. Me vil styrkje dette tilbodet og sørgje for at kulturskulen er mangfaldig, rimeleg og held høgt fagleg nivå. Me vil at alle born som ynskjer det skal få plass i kulturskulen. Og kulturskulen bør ha ein viss grad av tilgjenge òg i nærområda.

Bømlo MDG vil:

- Sikre gode vilkår for Bømlo Kulturhus og sikre eit godt tilbod
- Støtte kulturprosjekt der ungdom står for initiativ og gjennomføring
- Krevje ein grøn profil av kulturarrangement som vert støtta av kommunen
- Opne skular og offentlege bygg for foreiningar, kulturinstitusjonar, organisasjonar og lokale musikarar på ettermiddagen
- Styrke det frie kunstfeltet gjennom satsing på kommunale prosjektmidlar, stipendordningar og støtte til produksjonslokale
- Støtte kulturelle tiltak som stimulerer til god integrering av tilflyttarar frå inn- og utland
- Utgreia høva for ei residensordning for å husa gjestekunstnarar
- Ha ein framtidsretta kulturminneplan som sikrar gjenstandar og bygg med historisk eller kulturell verdi og vår immaterielle kulturarv
- Etablere fleire kulturstiar i kommunen
- Vektlegge estetikk for alle nybygg og større renoveringar

Berekraftig samferdsle

MDG vil arbeida for at grunnleggjande infrastruktur som breiband, veg og straum, vert lagt til rette slik at me kan oppretthalda busetnad og samferdsel i heile kommunen.

Transport er den største kjelda til klimautslipp i Bømlo kommune. Me ønskjer å skape eit samfunn som er mindre avhengig av at me beveger mykje på oss. Når me først må ut på vegen eller sjøen, bør det skje på ein måte som fører til minst mogleg utslepp. Me vil arbeide for utsleppsfrie transportalternativ, og legge godt til rette for mjuke trafikantar.

Bømlo MDG vil

- Alltid prioritere bygging av trygge vegar og gå- og sykkelfelt, framfor høg fart og kort køyreavstand
- Jobba for å finna finansiering til å ferdigstille resten av “revidert Bømlapakke” med m.a. fullverdig veg med gong og sykkelsti langs nyevegen Hidle - Sakseide - Ekornsæter, Totland til Mosterhavn, men også oppgradering av vegen gjennom Svortland sentrum og strekkja Olakjosen - Laurhammarkjosen.
- Arbeida opp mot fylke og stat for å halda på fordelane med nullutsleppsbilar
- Arbeide opp mot fylke for betre og meir miljøvennleg kollektivtilbod, som app'en “Hent meg”.
- Arbeida opp mot fylke for betre korrespondanse mellom buss- og båtruter. Fase ut bussar som nyttar fossilt brennstoff og gå over til bussar med miljøvennlege framdriftssystem.
- Auka kosting, brøyting og vedlikehald av sykkel- og gangvegar/fortau
- Arbeide for betre kvalitet og merking av sykkelstiar. Arbeida for fleire og tryggare sykkelparkeringsplassar, både ved store verksemder, ved skulane, ved butikkar og ved trafikknutepunkt som Gassasundet og Føyno.
- Støtteordning til felleskjøring
- Vurdere alternativ til salting av veg
- Arbeide for nullutsleppsbat mellom Eidesvik-Espevær og snøggåtrutene i Sunnhordland
- Greie ut tiltak som gjer det lettare med utsleppsfrie feriar for besøkande



Hav og næring

Havområda rundt Bømlo rommar store naturverdiar og viktige ressursar. Fiskerinæringa er ein arbeidsplass og kulturberar, og eit grunnlag for berekraftig næringsverksemd og matproduksjon i framtida.

MDG meiner at styresmaktene må setja tydelegare miljø og berekraftskrav til oppdrettsnæringa. Sjukdom og parasittar påfører næringa store økonomiske tap. Dette i tillegg til rømming og store utslepp belastar miljøet i fjordar og økosystem. Lus og sjukdom og er ein kritisk trussel mot sjøaure og villaks.



Bømlo MDG vil jobba for å opprette eit eller fleire marine verneområder i Bømlo. Prøveprosjekter frå andre stader i Norge viser at dette er svært effektivt for å styrke bestanden av m.a. hummar. Me vil også styrke fokuset på “spøkelsesfiske” og vil vurdere støtte til aktørar som hentar opp og samlar inn tapt fiskereidskap.

Bømlo MDG vil:

- Arbeide for strengare krav til oppdrettsnæringa med krav om utsleppsfrie anlegg
- Arbeide for å auka trivsel hjå oppdrettsfisk, mellom anna ved å innføre lågare maksimumsgrenser for talet på fisk i kvar merd
- Etablere støtteordningar og krav til monitoringsystem av vasskvalitet og forureining rundt oppdrettsanlegg
- Støtta lokal satsing på utnytting av alger og anna vegetabilsk sjømat
- Fremje lokal landing av fisk og andre produkt frå næringane, slik at større delar av verdiskapinga skjer lokalt, og vegen til forbrukaren vert kort
- At lokalsamfunna må takast med i forvaltinga av dei marine ressursane
- Kartlegge areal for opprettelse av marine verneområder som må fredast. I desse områda vil det vere forbod mot teiner, ruser og garn, kun er lov med håndsnoere.
- Tiltak mot spøkelsesfiske, altså garn og anna tapt fiskereidskap

Landbruk og mat

Den reelle sjølvforsyninga i Noreg minkar. Utmarka gror igjen, og stat og kommune går ikkje av vegen for å leggja den beste matjorda under asfalt og betong. Det har blitt stadig vanskelegare for bøndene å leva av inntektene på garden, og dei fleste bøndene som er att på Bømlo kan nærast reknast for idealistar – det er andre ting enn god timeløn som driv dei. MDG meiner at bondeyrket framleis er av dei viktigaste, og at gjennomsnittsbonden må få vesentleg betre tilrettelegging for drift.

Kommunale arealplanar må ta omsyn til korleis beitebruk skal sikrast. Gjerdeplikter må ligge på utbyggjarar. Giftige og innvarderande planter må sikrast frå å komme ut i naturen, og sikrast mot beiting av vilt og tamdyr.

Miljøpartiet Dei Grøne på Bømlo vil:

- Kartleggja all dyrka og potensiell dyrkbar jord. Arbeida for ein nullvisjon for nedbyggjinga av matjord. Tungtvegande samfunnsinteresser eller behov på garden må vera einaste unntak.
- Auka talet på aktive bruk ved å leggje betre til rette for bønder og småbrukarar
- Arbeida for å auka bruken av lokale utmarksbeiteressursar
- Leggja til rette for meir parteigarlandbruk og kolonihagar
- Støtta lokal matproduksjon og system for sal av denne, slik som REKO-RINGEN
- Redusera kasting av mat, blant anna gjennom å oppretta sentralar for utdeling av mat og en avgift på matkasting.
- Ta omsyn til dyrevelferd, trygg og kortreist mat ved kommunale innkjøp
- Arbeida for at økologisk mat skal verta lettare tilgjengeleg i lokale butikkar
- Tilby kurs om sunn og berekraftig mat og matproduksjon, til kommunalt tilsette og andre interesserte.
- Ta all dyrka og dyrkbar jord ut av eksisterande arealplan, tilbakeføre til LNF.
- Tilbakeføring og resturering av gjenngrodde og omdisponerte landbruksareal.
- Fremje tiltak som aukar lagring av karbon i jord, som regenerativt landbruk
- Jobbe for hyppigere og sterkare tilsyn ved privat og kommersielt dyrehold
- Arbeide for å kutte klimautslepp i landbruket

Dyrevelferd

Grøn politikk byggjer på ein grunnleggjande respekt for alt liv. Me menneske deler jorda med eit mangfald av ulike livsformar som har ibuande verdi. Me menneske står ikkje heva over naturen, me er ein del av den. Difor er me moralsk forplikta til å behandla kvart enkelt dyr, og mangfaldet av liv og økosystemet med respekt. På Bømlo lever hjort, havørn, higre, svartbak og mange ulike måseartar side om side.

Dyra omgjer oss overalt. Menneskeleg aktivitet påverkar dyra sitt liv, meir enn nokon gong. Difor jobbar me i Bømlo MDG for eit samfunn der solidaritet også omfattar dyra og naturen.

MDG Bømlo vil:

- Arbeida aktivt med å sikra og beskytta mangfaldet av artar i kommunen
- Ta stort hensyn til dyra sine grunnleggjande behov, og til deira eigenverdi i saker der det trengs, og der dyra treng ei stemme
- Bevara og reparera leveområda for ville dyr
- Arbeida for at produksjonsdyr og kjæledyr blir behandla godt
- Ta særleg omsyn til raudlista artar
- Støtta lokale grupper, lag og organisasjonar som arbeidar for betre dyrevelferd
- Sikra at me har eit fungerande dyrepoliti
- Stille krav til dyrevelferd ved husdyrhald og fjørfehald i tråd med dyrevernmerket til dyrevernalliansen i kommunale innkjøp og i dei private barnehagane

Naturvern

På Bømlo har me kort veg til naturen. Lang tid med store utbyggingar har gjort at mykje natur er bygd ned. Me meiner det er viktig at vi tar vare på dei naturområda som er att, og sårbare bestandar av dyr, planter og insekt vert verna gjennom ein streng forvaltning av jordvernet. Forvaltninga av naturessursane er viktige både for oss og generasjonane som kjem etter oss. Me krever ei grunnleggjande endring av naturforvaltninga. Me må slutte å byggje ned natur, og i staden begynne å reparera og restaurera øydelagte naturområde.

Bømlo MDG vil:

- Vera svært restriktive til byggjing i landbruksareal, urørte strandsoner og naturområde. Utbetra eksisterande vegnett i staden for byggjing av nye trasear.
- Styrke arbeidet med jordvern.
- Lage ein verneplan for viktige naturhabitat.
- At offentlege planar tek omsyn til naturtypar og biologisk mangfald.
- Kartlegga naturtypar og biologisk mangfald på Bømlo.
- Fjerne og hindre forureining i sjø og på land, som Storavatnet.
- Rehabilitering av gytebekkar, myr og vatn.
- Nei til firefelts veg over Stord og Tysnes, og bru over Bjørnafjorden.
- Unngå bruk av plantegifter. Dette gjeld ikkje berre i landbruket, men òg i skjøtselen av offentleg eigedom og langs offentlege vegar.:
- Erstatte gummigranulat på alle kunstgrasbaner i kommunen med miljøvenlege alternativ

Berekraftig kommuneøkonomi

Bømlo kommune har mange viktige oppgåver framfor seg i tida som kjem, samtidig ser me at økonomien er pressa. Bømlo MDG er oppteken av å sikre varige, gode levekår i kommunen. Me kjem til å arbeide opp mot staten for å få styrka kommuneøkonomien. Samstundes må me heile tida vurdere kva verkemiddel me har her lokalt, som til dømes eigedomsskatt.

Næringsliv og arbeidsliv

Me meiner at eldsjeler, grundere og eit variert næringsliv er svært viktige for at Bømlo fortsatt skal utvikla seg i ein god og berekraftig retning. Eit næringsliv som opererer innanfor naturen sine tolegrensar er det einaste som kan tryggja arbeidsplassar, verdiskaping og velferd på lang sikt. Me vil kjempe for at næringslivet i kommunen spelar på lag med naturens tolegrensar, og at det vert grønare og meir klima- og miljøvenlege.

Regionen vår er rik på kulturlandskap og naturlandskap. Den korte avstanden mellom levande bygder og vill natur er noko av det som er unikt med Vestlandet. Me har gode føresetnader for eit berekraftig reiseliv bygd på eit samspel mellom autentiske naturopplevingar, lokalprodusert mat og lokal kultur.

Bømlo MDG vil:

- Arbeide mot ufrivillig deltid og legge til rette for større valfridom kva gjeld deltid
Støtte at kommunen jobbar med grøn omstilling i det lokale næringslivet, og spelar på lag med næringslivet om å finne gode løysingar som kan sikre ein trygg og god grøn omstilling
- Vere positiv til meir grøn turisme i kommunen, som baserar seg på kortreiste tenester og klimavenleg transport
- Undersøke moglegheita for innføring av turistskatt, der pengane går til drift og vedlikehald av kommunens offentlege tenesteområde som grøntområde, rasteplassar, stiar, sikringstiltak og tilgang til offentlege toalett
- Leggje til rette for utvikling av lokal kultur og tilgongen til natur, som eit grunnlag for kortreiste opplevingar for innbyggjarar og turistar
- Stimulere til berekraftige lokale og regionale verksemder som tek utgangspunkt i lokale ressusar og tenester
- Gjere det enklare for lokale matprodusentar å selje maten lokalt
- Fremma nyetablering av verksemder innan gjenbruk, reparasjon og vedlikehald